



| | | |
|--|---------------------|----------|
| Meldande føretak | | |
| Namnet på føretaket | | |
| Adresse | Postnummer | Poststad |
| Land | Organisasjonsnummer | |
| Organisasjonsform: <input type="checkbox"/> Aksjeselskap registrert i Noreg <input type="checkbox"/> Allmennaksjeselskap registrert i Noreg <input type="checkbox"/> Aksjeselskap eller allmennaksjeselskap eller tilsvarende registrert i eit anna EØS-land <input type="checkbox"/> Anna - spesifiser: | | |
| <input type="checkbox"/> Vi stadfestar med dette at verksemda er registrert i Einingsregisteret og hos skatteetaten. | | |

| | | |
|---|------------|----------|
| Namn på fast representant i Noreg for utanlandsk verksemd * Eit utanlandsk føretak som ikkje har fast forretningsstad eller heimstad i Noreg, må opplyse om namn og adresse på ein fast representant i Noreg. | | |
| Den faste representanten er den same som er registrert som kontaktperson i Einingsregisteret. <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei | | |
| Fast representant (dersom denne ikkje er den same som er registrert i Einingsregisteret) | | |
| Adressa til den faste representanten (heimstad eller fast forretningsadresse i Noreg) | Postnummer | Poststad |

| | | |
|--|--|--|
| Vedlagd dokumentasjon | | |
| <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei | Garanti frå bank eller forsikringsselskap (gjeld bemanningsføretak som ikkje er registrerte som aksje- eller allmennaksjeselskap, og føretak utanfor EØS-området – sjå punkt 3 i rettleiinga). | |
| <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei | Stadfesting på at selskapet er registrert som aksjeselskap eller allmennaksjeselskap eller tilsvarende i eit anna EØS-land (gjeld utanlandske føretak – sjå punkt 2 i rettleiinga). | |

| | | |
|--|------|----------------------------|
| Underskrift Vi stadfestar at opplysningane vi har meldt, er riktige. | | |
| Dagleg leiar | | |
| Stad | Dato | Underskrift (dagleg leiar) |

Rettleiing i å fylle ut meldinga om registrering av bemanningsføretak

Meldinga gjeld registrering av bemanningsføretak som skal drive utleige av arbeidskraft i Noreg.

Signert melding kan sendast til Arbeidstilsynet via [eDialog](#).

Les meir om korleis du kan sende brev og dokument til oss digitalt, på www.arbeidstilsynet.no/post.

Du kan òg sende meldinga som vanleg brevpost:

Arbeidstilsynet
Postboks 4720 Torgarden
7468 Trondheim

Kven skal melde:

Bemanningsføretak som skal drive verksemd i Noreg.

Kva krav må ein oppfylle for å bli registrert som bemanningsføretak?

1. Føretak som er registrerte som AS eller ASA i Noreg (norske føretak)

Eit bemanningsføretak skal vere registrert som aksje- eller allmennaksjeselskap i Noreg i samsvar med forskrifta § 2. Føretaket må vere registrert i Einingsregisteret og hos norske skattemyndigheiter. Registrert hos norske skattemyndigheiter inneber at føretaket må vere registrert som arbeidsgivar hos skatteoppkrevjaren. Registrert hos skatteoppkrevjaren vil føretaket vere når det har sendt inn samordna registermelding til Einingsregisteret og har kryssa av i pkt. 3.3 for at eininga skal registrerast med arbeidstakarar. Arbeidstilsynet kontrollerer opplysningane mot Einingsregisteret.

2. Føretak som er registrerte i eit anna EØS-land (utanlandske føretak)

Eit bemanningsføretak som er registrert som aksje- eller allmennaksjeselskap eller tilsvarande i eit anna EØS-land, oppfyller kravet til å kunne drive verksemd i Noreg. Føretaket må legge ved dokumentasjon for registreringsforholdet dersom dette ikkje alt går fram av Einingsregisteret. I tillegg til at føretaket må vere registrert i Einingsregisteret, må det vere registrert som arbeidsgivar hos skatteoppkrevjaren, jf. pkt. 1 ovanfor.

3. Andre føretak utanfor EØS / norske og utanlandske føretak som ikkje er aksjeselskap eller allmennaksjeselskap

Bemanningsføretak som ikkje er registrerte som aksje- eller allmennaksjeselskap, og føretak utanfor EØS-området, må for å kunne drive verksemd Noreg stille tryggleik i form av ein garanti frå ein bank eller eit forsikringsselskap for eigenkapital tilsvarande eigenkapitalkravet for aksjeselskap eller allmennaksjeselskap i lov av 13. juni 1997 nr. 44 og nr. 45. For tida er kravet til eigenkapital høvesvis kroner 30 000 / 1 million. Dokumentasjon for at tryggleiken er stilt, må leggest ved meldinga.

Føretaket må i tillegg vere registrert i Einingsregisteret og som arbeidsgivar hos skatteoppkrevjaren, jf. pkt. 1 ovanfor.

Fast representant

Eit utanlandsk føretak som ikkje har fast forretningsstad eller heimstad i Noreg, må opplyse om namn og adresse på ein fast representant i Noreg.

Årleg melding

Registrerte bemanningsføretak skal innan 31. januar kvart år melde frå til Arbeidstilsynet, og stadfeste at dei framleis fyller vilkåra for å opptre som bemanningsføretak i Noreg.

Føretak som ikkje melder frå om at dei framleis fyller vilkåra for å opptre som bemanningsføretak, vil bli sletta frå registeret over bemanningsføretak. Før dei blir sletta, vil dei få varsel med tre vekers frist til å oppfylle meldeplikta.

Arbeidstilsynet kontrollerer alle innkomne opplysningar mot Einingsregisteret.